

Ei boksamling frå reformasjonstida og norsk litterær kultur i seinmellomalderen

Av Ivar Berg

Det er få kjelder til kva bøker som vart lesne i Noreg i seinmellomalderen, men ei liste over boksamlinga åt domkapittelet i Trondheim ikring 1550 gjev eit unikt innsyn i norsk bokhistorie ved utgangen av mellomalderen og viser mellom anna at fleire renessansehumanistar var kjende her nord. Denne kjelda til latinkulturen vert sett i samband med det me veit om folkemålskulturen, både original litteratur og bruken av norrøne handskrifter. Dei norske tilhøva vert så jamførte med Island for å sjå etter faktorar som kan forklara skilnader mellom landa i tekstproduksjon og lesing. I ein breiare kulturhistorisk kontekst gjev ei oppvurdering av den munnlege kulturen saman med vekt på den moderne importerte litteraturen boklista fortel om, grunnlag for å revurdera den einsidige oppfatninga av seinmellomalderen som ei kulturell nedgangstid i Noreg.*

1 Inngang

Seinmellomalderen og reformasjonstida fell mellom to stolar i kulturhistoria og vert oversedde både av mellomalderforskarar og dei som er opptekne av tidleg nytid. Samstundes er det ein kjeldefattig periode, men difor er det dess større grunn til å nytta ut dei kjeldene som faktisk finst. Det fortel mykje om vurderinga av perioden når ei litteraturhistorie som Andersen (2001) etter eit kapittel om norrøn litteratur (også den reint islandske) tek føre seg folkediktinga før han går til humanistane frå siste

* Takk til Marek Thue Kretschmer og Erik Opsahl for litteraturtips og diskusjonar om høvesvis latin og ålmennhistorie, og til redaktør Jon Gunnar Jørgensen og særleg ikkje-anonym konsulent Espen Karlsen for verdifulle merknader til ein tidlegare versjon. Tolkingane mine skal dei nemnde likevel ikkje måtta forsvara.

halvdel av 1500-talet. På tilsvarende vis har Dahl (2011) berre ålmenne merknader til fyrste del av tidleg nytid, og legg på grunn av kjeldesituasjonen mest vekt på siste del av 1600-talet og seinare (Dahl 2011: 11 *et passim*). Denne artikkelen gjev ein gløtt inn i norsk litterær kultur i denne perioden og kritiserer tidlegare einsidige syn på dette som ein mørk periode i kulturhistoria.

Noreg hadde frå høgmedialderen ein tospråkleg skriftkultur; det vart tidleg skrivne litteratur på folkemålet like så vel som på det internasjonale lærdomsspråket latin. Når me skal vurdera den litterære kulturen, kan det difor vera tenleg å skilja mellom dei to språka. Folkemåls litteraturen var for ein stor del inspirert av utanlandske modellar. Ein sjølvstendig litteratur i større grad prega av heimlege motiv fekk aldri fast rot i Noreg, i motsetnad til Island (Holm-Olsen 1995: 322). Her skal me sjå på det me veit om tradering og bruk av norrøne handskrifter gjennom seinmedialderen, og det litle me veit om original litteratur i perioden. Dette er kjent frå før og tener i denne samanhengen mest som bakgrunn for ei jamføring med latinkulturen.

Rolla latin og latinske bøker spela i Noreg, er mindre kjend – i minsto blant nordistar og norske litteraturhistorikarar. Den fremste kjelda til latinsk litteratur i Noreg i fyrste halvta av 1500-talet er ei liste over boksamlinga åt domkapittelet i Trondheim, skriven like etter reformasjonen. I motsetnad til mange andre tilfelle der bøker er omtala, gjerne i testament eller skiftebrev, er mange av desse bøkene nemnde med forfattarnamn eller tittel slik at det er råd å identifisera dei. Boklista er omtala av Johnsen (1908) i samband med andre kjende boksamlingar i mellomalderen, og av Dybdahl (2002) i ein gjennomgang av “Nidaros Domkirkes og geistlighets kostbarheter”, men er vél verd ei sjølvstendig drøfting, både for den bokhistoriske og kulturhistoriske informasjonen ho gjev.

Den latinske skriftkulturen fortel mykje om det åndelege miljøet og kulturelle kontaktar. Saman med eit vidare syn på kva ein skal oppfatta som relevant i litteraturhistoria, gjev dette grunnlag for ei revurdering av den litterære kulturen i seinmedialderen og reformasjonstida. Ei anna sak som vert teken opp, er dei slående skilnadene mellom Noreg og Island, som i høgmedialderen utgjorde eit sams språk- og kulturområde. Det gjeld både kva som vart lese, og kva som vart skrive, og skilnadene kan henga saman med ulike sosiohistoriske føresetnader i dei to landa. Det er dessutan historiografisk interessant korleis seinmedialderen

har vorte vurdert av tidlegare forskarar, og eg meiner det som vert lagt fram her, gjev grunnlag for eit meir positivt syn på perioden i litteratur- og kulturhistoria.

2 Folkemålskulturen

Det var islendingane som skreiv det meste av den norrøne litteraturen, og det var likeins dei som stod for traderinga av han. Utover mellomalderen var Noreg ein eksportmarknad for islandske handskrifter (Stefán Karlsson 1979), og dei norske kongane fekk islendingar til å skriva soger om seg. Ved eit par høve ser det ut til å vera direkte oppdragsskriving, som når Karl Jónsson skreiv (fyrste del av) *Sverris saga* medan kongen sjølv rådde for kva som skulle stå der, som det heiter i prologen, og når Magnus Lagabøte fekk Sturla Þórðarson (brorson av Snorri Sturluson) til å skriva saga om faren Håkon IV Håkonsson og om Magnus sjølv (Holm-Olsen 1995: 95, 194–98).

Tidleg på 1300-talet fjøra den norske bokavlen heilt ut, om ein tenker på litteratur i moderne forstand. Det vart framleis skriva norsk, men berre stutte tekstar, hovudsakleg knytte til rettsstell i vid meining – det me kallar diplom. I takt med språkutviklinga vart målforma i dei gamle handskriftene stendig meir framand. Men lagmennene dømde framleis etter den gammalnorske Landslova, som det framleis vart gjort nye avskrifter av (men sjå nedanfor om danske omsetjingar), og dei trong “kjennskap til eldre tiders språk, skrift og brevsikk” for å gjera arbeidet sitt (Hamre 1986: 84).

2.1 *Norrøne handskrifter*

Stefán Karlsson (1979) reknar med at drygt femti av dei norrøne handskriftene me kjenner i dag, var i Noreg ved utgangen av mellomalderen. Då er ikkje lovhandskrifter, som åleine utgjer ei større mengd, eller jordbøker medrekna. Det er ikkje godt å seia kor mykje desse handskriftene vart lesne, men me skal sjå på nokre av spora etter bruk.

I *Legendariske Olavssaga* (DG 8 II fol.) har ei yngre hand arbeid med handskriftet og skriva stikkord til somme av kapitla i marginen. Anne Holtmark (1956: 5) tidfester skrivarhanda til “reformasjonstiden”. Mange av stikkorda er på latin, andre på skandinavisk, og nokre inneheld kodeveksling, t.d. “Dala gudbrand stempner ting *contra sanctum*

Olauum”. Det tyder på ein prestelærd mann.¹ Ikring 1550 vart olavssoga bunden saman med Landslova (frostatingsversjonen), mest truleg i Trondheim (Holtsmark 1956: 3 f.). Før innbindinga, fyrst på 1500-talet, har einkvan føydd til nokre kapittel som vanta av Farmannabolken (NgL IV: 704). Dette peikar mot lagmannsembetet, medan bruken av eit par blad frå ein kodeks med kanonisk lov i innbindinga peikar mot eit kyrkjemiljø, der slike bøker fanst.²

Det er kjent at Hans Simonsson, “canic i trondem och kirkeherre norder i Salten”, åtte fyrste delen (*Hirdskrå*) av lovhandskriftet AM 322 fol., som enkja hans gav til broren Jon Simonsson (1512–75), lagmann på Agdesida, i 1550 (NgL IV: 503). Jon gjorde påteikningar på det (Steinnes 1962: 13 f.), og han omsette hirdskråa (Hamre 1986: 117).³ Jon åtte dessutan to sogehandskrifter og hadde andre til låns (op.cit.: 118), og var i si tid ein pioner i bruken av gamle handskrifter (Jørgensen 1993: 174–76, 185 f.). Talrike marginalnotisar viser at han arbeidde mykje med *Bergsbók* (Holm perg. 1 fol.; sjå Steinnes 1962: 13 f., 27). Midt på 1500-talet byrja fleire å studera dei gamle handskriftene, og dei fyrste omsetjingane vart gjorde, jamvel om somme av dei ikkje vart utgjevne før mykje seinare (Jørgensen 1993).

Magnus VI Lagabøtes landslov frå 1274 var gyldig rett i Noreg fram til 1604, så lagmennene måtte kunna lesa gammalnorsk. Det har stundom vore hevda at gammalnorsk hadde vorte nær uforståeleg for nordmennene ikring 1500, men Gustav Indrebø (2001: 197–200) argumenterer overtydande mot denne oppfatninga. Målet som vart skrive i samtida, var noko nærare nynorsk enn det gammalnorske litteraturmålet, men jamvel dét kunne nok mange forstå mykje av. Seinare tider viser mange

1. Om språkforma kan dette nemnast (frå Johnsen 1922: VIII–IX): Gamle former som nom. *fuller* ‘full’ og dativ *med skilorðe*; *skilorð* står ikkje i den aktuelle tekststaden og er ikkje kopiert derifrå, men høver med innhaldet. Moderne grunnformer av namn, men *Valgarðer* med halden *-er*-ending. Elles t.d. *aff trollkona* med norsk fullvokal, men den gamle nominativforma. Mest interessant er kanskje *Sancte olaff leet eszla kopstade i Trondem*; i hovudteksten står her “*Olafur konongr* let æfla miþokc kaupstadenn iþrondæimi”. *Eszla* for <æfla> (<f> må vera avskrivarfeil der førelegget har hatt høg s <ð> viser at teksten vart forstått.
2. Dette er eit døme på gjenbruk av pergamentkodeksar som innbindingsmateriale, ein lagnad som etter kvart råka mykje av mellomalderlitteraturen, særleg den på latin (Pettersen 2013; jf. avsnitt 3).
3. Jon var i teneste hjå erkebisp Olav Engelbrektsson i unge år, ei stund som ombodsmann for erkebispegarden i Bergen, men gjekk frå kyrkjemiljøet til verdslege syslar.

døme på folk som utan særleg opplæring har kunna forstå i alle fall vanleg prosa. Men lagmennene var skriftkunnige, vane med bøker og hadde tilgang til boksamlingar, og det kan forklara kvifor dei stod for mykje av det tidlege arbeidet med sogehandskrifter.

Det vart framleis gjort nye avskrifter av Landslova, men utover 1500-talet kom òg danske omsetjingar. Soga om desse omsetjingane er noko ugrei, men rettshistorikaren Knut Robberstad reknar med at den fyrste systematiske omsetjinga vart gjort i Oslo tidleg i hundreåret, fylgd av ei ny omsetjing i 1530-åra; desse to versjonane eksisterte jamsides i ymse avskrifter fram til dei vart erstatta av Kristan IVs norske lov i 1604 (Robberstad 1976: 215–33). Omsetjinga kravde kunnskap om gammalnorsk lovspråk, og difor var lagmennene, som meistra det gamle målet, viktige i dette arbeidet. Dette får Lars Hamre (1986: 79) til å tala om “juristgenerasjonen” av norske humanistar, som vart avløyst av “teologgenerasjonen” med dei geistlege humanistane i Bergen og Oslo seinare på 1500-talet.

2.2 Norsk diktning i seinmellomalderen

Sjølv om dei skriftlege sogene ikkje vart avskrivne og haldne i hevd som på Island, levde mykje av segnstoffet vidare i Noreg òg, i segner, eventyr og viser på folkemunne (Liestøl 1970). Det katolske innhaldet i til dømes *Draumkvedet* ber bod om eit opphav før reformasjonen. Den norske folkediktinga, slik me stort sett kjenner henne i oppskrifter frå 1800-talet, viser såleis i nokon mon kontinuitet attende til norrøn tid, og delar av henne må ha vorte til allereie i mellomalderen (Mundal 1998: 221 f.). Dette gjeld ikkje minst balladediktinga, som byggjer på utanlandske førebilete, særleg riddardiktinga. Den norske balladetradisjonen utvikla seg truleg ved det norske hoffet seint på 1200-talet (Solberg 2011: 72; Jørgensen 2012: 299 f.).

Det er få skriftlege vitnemål om folkedikting frå mellomalderen, men to balladetekstar er oppskrivne på fyrste og siste side i DG 8 fol. (jf. avsnitt 2.1 om handskriftet). Dei to tekstane er skrivne med same hand, tidfest til ikring 1400 (Holtmark 1956: 17). Det lengste diktet er grundig handsama av Jón Helgason (1960); Holm-Olsen (1995: 337 f.) gjev att éi strofe av det lengste diktet og heile det stuttaste med omsetjing til bokmål. Båe dikta har balladerytme og enderim, og handlar om ulukkeleg kjærleik. Dei er sjeldsynte skriftlege døme på ein munnleg sjanger som må ha vore nokså utbreidd i seinmellomalderen. På fyrste sida i same

handskriftet er det skrive opp ei *juleskrå* med ei hand frå ikring 1500 (Holtmark 1956: 5, 20). På latin var ein slik tekst kalla *prognostica temporum*, og han spår vêret for det komande året etter kva vekedag juledagen eller nyårsdagen fell på. Ein tekst som liknar på denne, var utbreidd i mellomalderen og er kjend i Norden frå ikring 1300 og framover, og tydelegvis enno ikring 1500, då einkvan kopierte eller skreiv ned etter minnet juleskråa i DG 8 fol.

Jon Gunnar Jørgensen og Vésteinn Ólason (1992) har argumentert for at eit kriste dikt som berre er overlevert i eit islandsk handskrift, har vorte til i Noreg.⁴ Dei fylgjer opp eit forslag av Jón Helgason om at diktet vart til i Trondheim, og argumenterer både med språkforma og innhaldet. Det er tydeleg at diktet har vorte omsett til islandsk, helst frå eit nærskylt språk og mest truleg norsk. Siste del av diktet handlar om ein bit av Kristi kross som kjem som relikvie til Noreg, noko som òg peikar mot eit norsk opphav. *Breviarium Nidrosiense* og islandske annalar fortel at ein bit av Kristi tornekrona kom til Noreg i 1274 som gåve frå franskongen (Storm 1880: XXXXV–VII, 161 f.). Dette kan vera bakgrunnen for historia i diktet, jamvel om tornekrona har vorte til krossen.

Den eldste noko lengre nordiske balladeoppskrifta, “Riddaren i hjorteham”, er ikkje mykje yngre enn dei to fragmenta som vart nemnde ovanfor, men kan likevel seiast å innleia ein annan teksttradisjon. Visa vart truleg skriven ned i Telemark ikring 1490 og kan knytast til lagrettemannen Mattis Nilsson frå Skiens-området (Solberg 2011: 83–87). Olav Solberg går gjennom fleire gamle viseoppskrifter, blant anna ei kjempevise nedskriven i Volda seinast i 1612, og meiner at me må rekna med ei mykje meir omfattande skriftleg overlevering av folkevisene enn det som har vore vanleg. Men desse viseoppskriftene på målføreblanda dansk er del av ein annan og nyare tradisjon, utan direkte band til den gammalnorske skrifttradisjonen.

3 Latinkulturen

Latin var lærdomsspråket langt ned i moderne tid, og samstundes religionsspråk så lenge den katolske kyrkja rådde grunnen. Katedralskulane

4. Ein meir populær versjon av artikkelen med omsetjing av diktet til bokmål er trykt i *Atlantisk død og drøm* (1998), redigert av Asbjørn Aarnes.

gav i fyrste omgang undervisning i *trivium* – grammatikk, retorikk og dialektikk – det vil i praksis seia latin, og det var påbod om å tala latin i skulen (KLN 8: sp. 347–54; Kolsrud 1962: 31 f., 80). Dette endra seg ikkje med reformasjonen, og latinundervisninga kravde lesebøker, der klassiske forfattarar var føretrekte.

Kristendomen er ein bokreligion som trong liturgiske bøker på latin til gudstenesta, og allereie dei fyrste misjonsprestane må ha hatt slike med seg. Særleg på 1100-talet vart det skriva historie (t.d. *Historia Norwegie*) og religiøse tekstar (t.d. *Passio Olavi*) i Noreg, men nokon stor innanlandsk latinlitteratur voks aldri fram. Lars Boje Mortensen (2005) gjev eit oversyn og legg mykje av skulda på dårleg overlevering: Det har truleg vorte skriva og avskriva meir latinsk litteratur i Noreg enn me kjenner til i dag, fordi desse handskriftene har gått tapt i endå større grad enn dei norrøne.

Det måtte naturleg nok gjelda katolske liturgiske bøker, som ikkje hadde nokon funksjon lenger etter reformasjonen; Espen Karlsen (2013: 33 f., 36) gissar at norske kyrkjer åtte opptil 13 000–14 000 bøker i seinmellomalderen, men berre nokre få er gøymda til i dag. Av dei som er att, er det mest fragment, for jamvel om dei fleste norske skinnbøker frå mellomalderen gjekk tapt i brannar eller på anna vis, kunne skinnen verta bruka til andre føremål og såleis berga (Pettersen 2013: 42 f.). Allereie før reformasjonen vart gamle skinnbøker bruka til innbinding, både av *Missale Nidrosiense* (sjå nedanfor) og nokre av rekneskapsbøkene etter Olav Engelbrektsson (op.cit.: 43, 46).

Heilt sist i mellomalderen kom det framleis nye bøker til Noreg, også med anna innhald enn det som var direkte knytt til kyrkja, og boklista frå Trondheim er ei god kjelde til importert latinsk litteratur frå den tida. Samstundes vart det laga messebøker for Nidaros-provinsen; dei måtte trykkjast i utlandet (Noreg fekk ikkje bokpresse før i 1643), men vart redigerte i Trondheim.

3.1 Erik Valkendorfs kulturelle innsats

Dansken Erik Valkendorf kom til Trondheim som ny erkebisp i 1510 og “var en av de aller første humanistene i Norge” (Jørgensen 1993: 171). Han hadde vore sekretær for hertug Kristian (frå 1513 kong Kristian II), men rauk seinare uklår med kongsmakta og enda livet i eksil i Roma seinhausten 1522. Han førte med seg nye kulturelle impulsar til landet og fekk blant anna trykt messebøker for stiftet i 1519: *Missale* og *Brevia-*

rium Nidrosiense. I presentasjonen sin av desse bøkene konkluderer Lilli Gjerløw (1986: 77) med at Erik Valkendorfs “title to perennial glory” er at han på dette viset redda Nidaros-liturgien frå å verta gløymt.

Eit breviarium er ei liturgisk bok til bruk for prestane i kyrkja ved dei sju faste tidebønene, med bønner, lesetekstar og hymnar, både faste og slike som skifta gjennom kyrkjeåret og etter ulike helgenfestar (KLN 2: sp. 236–38). Eit missale er ei tilsvarande bok for messa, hovudgudstene i den katolske kyrkja (KLN 11: sp. 642–46). Alle kyrkjer måtte ha slike bøker, og i mellomalderen var dei naturlegvis handskrivne, og det kunne vera stor skilnad mellom ulike utgåver. Trykkjeteknologien gjorde det mogleg å standardisera messebøker for stiftet, som fleire andre bispedøme i Norden allereie hadde gjort då Erik Valkendorf tok Nidaros-provinsen inn i den nye tida.

Den konkrete bakgrunnen for arbeidet, som erkebispemaskin skriv i føreordet av *Breviarium*, var at messebøkene i stiftet var i dårleg forfatning, og mange utanlandske (trykte) breviarium var i bruk (Gjerløw 1986: 55). *Breviarium* vart trykt i Paris og er ei vakker bok, med initialar og illustrasjonar i tresnitt (op.cit.: 57–66). To sider om faste og helgedagar er den fyrste prenta teksten på norsk. *Missale* vart trykt i København av Poul Rev, bror av kanniken Hans Rev (seinare bisp i Oslo). Medan *Breviarium* er i oktavoformat for privat lesing, er *Missale* i folio og meint for altaret. Det er ikkje like forseggjort som *Breviarium* (op.cit.: 68), men har òg initialar og nokre illustrasjonar i tresnitt.

Erkebispemaskin stod nok attom og dreiv fram arbeidet, men bøkene vart redigerte av medlemmer av domkapittelet i Trondheim, mellom anna var Olav Engelbrektsson ansvarleg for missalet. I utarbeidinga av bøkene må redaktørane ha hatt tilgang til norske latinske tekstar som elles ikkje er kjende (Mortensen 2005: 144). Eitt slikt døme er legenda om Kristi tornekrone, som berre er overlevert i *Breviarium* (jf. avsnitt 2.2). Messebøkene viser dessutan spor etter angelsaksiske liturgiske tradisjonar frå før 1066 som ikkje lenger vart fylgde andre stader, men som tydelegvis har vorte traderte heilt fram til 1500-talet i Trondheim (Karlsen 2005: 153).

I 1520 inngjekk kannik Hans Rev på vegner av erkebispemaskin ein avtale med boktrykkjaren Doen Pietersson i Amsterdam om trykking av ei bønnebok (DN VII 552), men det er uvisst om dette faktisk skjedde (Karlsen 2013: 35). Det viser om ikkje anna tiltaksvilje. Det er òg mogleg at Erik Valkendorf var involvert i den fyrste omsetjinga av Landslova til dansk (Robberstad 1976: 227).

Eit anna utslag av kulturelle impulsar frå utlandet kan vera restaure-ringa av oktogonen i Nidaros domkyrkje. Han vart fullstendig demontert og sett opp att, ulikt vanleg restaureringspraksis i mellomalderen. Øystein Ekroll (2015: 370–73) argumenterer for at måten dette vart gjort på, var inspirert av tankar i den italienske renessansen om verdien av elde, og reint konkret av den pågåande ombygginga av Peterskyrkja i Roma, som Erik Valkendorf må ha vorte kjend med då han var i Roma for å motta palliet i 1510.

Erik Valkendorf stod dessutan for Noregs fyrste historisk-topogra-fiske skrift, ei skildring av ei reise han gjorde til Finnmark i erkebispetida si: *Breuis et summaria descriptio Nidrosiensis diocesis et specialiter cuiusdam ipsius partis, que Findmarkia dicitur, extrema aquilonaris christianitatis plaga* ‘Kort og konsis skildring av Nidaros bispedøme og særleg dei delane av det som vert kalla Finnmark, det nordlegaste stroket av kristenheita’. Teksten er trykt med dansk omsetjing av Gustav Storm (1902). Som alle andre lærde skrifter frå den tida er skildringa på latin, berre med nokre få norske stadnamn og lånord for lokale tilhøve, t.d. *skørbug* ‘skjørbuk’, *trollhval* ‘trollkval’, *rosmer* ‘kvalross’ og *skrælinger* (om eit lite folkeslag som held til nordvest for Finnmark). Storm (1902: 3) gissar at reisa vart gjort i 1512, sidan ei rettarbot for Finnmark det året (NgL 2.r. III(1) 233) kan ha bygd på opplysningar frå erkebispem.

Det litle skriftet vart ei kjelde for Olaus Magnus i det store verket hans om folka i Norden; ikkje minst må noko stoff hjå Olaus Magnus om kvalar og sjømonster vera henta herifrå (sjå notane i Storm 1902). Olaus Magnus nemner ein stad kjelda si og fortel at han har kunnskapen frå “epistola Erii Falchendorff [...] Leoni X circa annos salutis MDXX transmissa” ‘Erik Valkendorfs brev [...] sendt til Leo X ikring frelsas år 1520’ (Storm 1902: 1). Mikael Venge (1981–82) argumenterer overty-dande mot denne tanken om eit brev til paven, og meiner at nedskrivninga skjedde under eksilet i Roma i 1522. Olaus Magnus har truleg vorte kjend med teksten fyrst under opphaldet sitt i Roma i 1540-åra (Storm 1902: 3). Jamvel om teksten vart skriven i Roma etter at erkebispem var reist frå Trondheim, og ikkje fekk nokon etterverknad anna enn som kjelde for Olaus Magnus, vitnar han om dei lærde interessene hans Erik Val-kendorf. Til saman teiknar det som er trekt fram her, eit bilete av ein lærd mann med mangslungne kulturelle interesser. Desse interessene og tankane må ha inspirert arbeidskollegaene hans Erik i domkapittelet i Trondheim.

3.2 Kapittelsboka og boksamlinga

Peder Clausson Friis fortel i *Norriges Bescriffuelse*, skriven i 1613, at biblioteket i Trondheim vart brent under hærtakinga i 1537 (Friis 1881: 351): “Saaledis hafuer en, ved Nafn Otto Stigsøn, opbrend paa Trondheims Kirkegaard det skiøne Liberii oc mange nyttige Bøger oc Brefue, som vare i Trondheims Capittel, oc saaledis handlede Tord Rodde i Stavangers Capittel.” Ein går ofte ut frå at Peder Clausson lærte norrønt av førnemnde Jon Simonsson, som hadde bakgrunn frå kyrkja. Det kan såleis godt vera at Peder har hatt pålitelege opplysningar om denne hendinga frå Jon (jf. Hamre 1986: 94). Gustav Storm meinte likevel at opplysninga var uhistorisk, og peikar på at domkapittelet i eit klagebrev frå 1558 ikkje nemner ein slik bokbrann (Friis 1881: 351 n.). Kjeldetilfanget lét oss knapt koma lenger med spørsmålet i dag, men oversynet over boksamlinga viser i alle tilfelle at langt frå alle bøkene vart brende, og heller ikkje alle heimelsbrev som er avskrivne i kapittelsboka.

Boklista er skriven på folio 1v–2v i AM 332 fol. (no i Riksarkivet), ei skinnbok kjend som “Trondheim domkapittels kopibok”. Det finst òg ei anna slik bok (NKS 998 fol. på papir, no i statsarkivet i Trondheim) kalla “Trondheim Domkapitel. Kopibok 1534–1662”. Lista er tidlegare prenta i DN XII 673 og dessutan attgjeven bokstavrett etter manuskriptet som vedlegg til denne artikkelen. Teksten ser ut til å vera skriven av éi hand til same tid. Innbindinga gjer det litt vanskeleg å sjå, men fyrste legg ser ut til å vera blad 1 + 7, 2 + 6 og 3 + 4, medan blad 5 er eit innsett lausblad. I så fall står boklista på det som allereie opphavleg var byrjinga på boka, og det er rimeleg å tru at ho vart skriven då kopiboka fyrst vart teken i bruk. Det er ålmenn semje om at dei nemnde bøkene må stamma frå før reformasjonen (Johnsen 1908: 90; Karlsen 2013: 35).

Siste delen av boklista er eit oversyn over ei testamentarisk gåve frå *magister Torbernj Andenj*, som må vera Torbjørn Olavsson Bratt, den fyrste superintendenten i Trondheim etter reformasjonen. Han var fødd i Andenes, og dei lærde tok gjerne latinske namn som viste kvar dei kom frå. Meister Torbjørn døydd i 1548, så lista må vera sett opp etter det, og i DN er ho rundeleg datert til 1550–60. Etter lista fylgjer ei avskrift av grunnleggingsbrevet for det sams bordhaldet (*mensa communis*) (DN II 9) og ei liste over kapittelslemer, der det fyrste årstalet som er nemnt, er 1558 (DN XII 667). Me kan såleis trygt gå ut frå at kopiboka vart teken i bruk ikkje så lenge før 1558. I to brev til kongen dagsette i 1558 og 1559 (DN IV 1140 og 1141) fortel kapittelet at det har arbeidd med å registrera

brev og eigedom (fyrst og fremst jord, men altså bøker òg), og kopiboka må vera eit resultat av det arbeidet. Desse breva dreier seg dels om byrder lensherren på Steinvikholm, Evert Bild, hadde lagt på domkapittelet, og det kan forklara kvifor det var viktig å samla avskrifter av ymse privilegiebrev opp gjennom åra, brev som viste kva rettar domkapittelet hadde andsynes kongen. Ei rekkje slike brev, både på latin og gammalnorsk, er avskrivne utover i boka, som også inneheld eit grundig oversyn over jordeigedom som høyrde til domkyrkja i Trondheim. Slik viser den kombinerte kopi- og jorboka kontinuitet frå den katolske mellomalderkyrkja til den reformerte statskyrkja i tidleg nytid.

3.3 Innhaldet i boklista

Boksamlinga er delt i tre tematiske bolkar med overskriftene *Titulj librorum sacræ scripturæ* (heilage skrifter), *Titulj librorum Juridicorum* (juridiske) og *Titulj librorum historicorum* (historiske). Etter desse tre delane fylgjer så gåva frå Torbjørn Bratt. Ved ein god del bøker er det føydd til “in membrana” ‘på pergament’ eller “in papyro” ‘på papir’.⁵ Det er litt uvisst korleis desse merknadene skal tolkast. Det kunne vera slik at dette er handskrivne bøker, medan resten er trykte, men i så fall er ein overraskande stor del av samlinga nye trykte bøker. Like truleg er det vel at det rett og slett er litt tilfeldig om ein slik merknad er komen med eller ikkje. Det er vel i alle høve trygt å gå ut frå at bøker på pergament var handskrivne, jamvel om nokre tidlege trykte bøker faktisk vart prenta på pergament.

Ikkje alle bøkene lèt seg identifisera. Oppføringane kan vera nokså rundt formulerte, til dømes *Cronica hystorica* ‘historisk krønike’. Slike innførsler viser berre til innhaldet, men i mange høve er anten tittel eller forfattar oppgjeven. Titlane kan ein ofte finna att, medan ein ikkje alltid ut frå eit forfattarnamn kan seia nett kva bok det er tale om. Tidlegare har Audun Dybdahl (2002: 166–70) freista å identifisera bøkene, også der det ikkje vert meir enn gissing.⁶ Han oppgjev samstundes når dei vart trykte fyrste gong, og ser ut til å gå ut frå at alle som ikkje er merkte med “in membrana” eller liknande var trykte, men mange kan ha vore gamle

5. *Papyrus* kunne tyda både ‘papir’ og ‘papyrus’, men med tanke på tid og stad er nok det fyrste tilfellet.
6. Eg kjende ikkje til at Dybdahl hadde undersøkt denne boklista, og identifiserte bøkene uavhengig av han. Då er det eit godt teikn at me har kome til same resultat.

handskrifter frå høgmellomalderen (sjå meir om einskilde bøker nedanfor). Uansett fortel forfattarnamna ein del om den litterære smaken, og her fylgjer ein tematisk gjennomgang av boksamlinga med vekt på nye tilskot. Tekst i kursiv gjev att originalar, medan hovudteksten brukar normaliserte namneformer, slik at same forfattar kan opptre i litt ulike skrivemåtar.⁷

3.3.1 Teologiske bøker

Arvegåva etter Torbjørn Bratt kan reknast hit og er den minst interessante gruppa; ho omfattar teologiske klassikarar. Den fyrste forfattaren kan truleg identifiserast som Johannes Khrysostomos (347–407), ein gresk kyrkjelærar som var kjend i Norden i mellomalderen og mellom anna er omtala i *Jóns saga baptista* (Jørgensen og Vésteinn Ólason 1992: 181). Vidare finn me to av dei fire store kyrkjefedrane i vestkyrkja, Augustin av Hippo (354–430) og Ambrosius av Milano (340–97). Tertulian (ca. 160–ca. 225) vert ofte rekna som grunnleggjaren av vestleg teologi, og Hilarius av Poitiers (ca. 300–ca. 368) var bisp og kyrkjelærar. Alle desse var velkjende namn i den teologiske tradisjonen, og verka deira vart avskrivne gjennom heile mellomalderen.

I hovudbolken med heilage skrifter er det mange bibelkommentarar. Me finn fleire kyrkjefedrar som Ambrosius og Hieronymus, men òg ein del nyare bøker. Den omtala kommentaren *lyra interpretæ* viser til Nikolaus av Lyra (ca. 1270–1349). Han skreiv eit standardverk som vart den fyrste trykte bibelkommentaren i 1471 og kom i mange seinare utgåver. Fleire innførslar på dei neste linene viser òg til *lyra* eller *eiusdem authoris* 'same forfattar'. Det er ikkje sikkert desse bøkene var trykte, men i kanikgjeldet Trondenes fanst trykte bibelkommentarar av Nikolaus (Berghesen 2013: 66–68; jf. avsnitt 3.4).

Eit yngre verk er *Sermones pomerij*, truleg ei preikesamling av fransiskanaren Pelbart av Tewesvar (1430–1504); han fekk trykt fleire samlingar med liknande titlar ikring 1500. *Duo volumina Teophilacti super Euangelistas* viser til Theophylactos av Ohrid (ca. 1055–ca. 1107), ein gresk bisp som skreiv kjende kommentarar til fleire delar av Det nye testamentet. Han skreiv på gresk, men latinske omsetjingar vart trykte frå 1520-åra. Så lite utbreidd som kjennskap til gresk var på den tida, var det

7. Eg gjev ikkje kjeldetilvisingar til leveår og andre opplysningar ein lett kan finna i vanlege leksikon som *Encyclopædia Britannica*, *Store norske leksikon* eller Wikipedia.

nok ei omsetjing som kom til Trondheim.⁸ *Sermones M. Nicolaj de tempore* er truleg ei bok som kom ut i 1510. Boka av ein munk Nicolaus Denyse (andre skrivemåtar finst) dukkar opp i fleire bokkatalogar på internett, men eg har ikkje greidd å finna nærare biografisk informasjon enn at han døydd i 1509. *Psalterium in quatuor linguis* må vera ei bok utgjeven av Johannes Potken (ca. 1470–ca. 1525) i 1518 (jf. Dybdahl 2002: 168). Dei fire språka var dei opplagde latin, gresk og hebraisk, og meir overraskande etiopisk (ved ei misforståing kalla *chaldaea* ‘kaldeisk’, ei nemning som retteleg tilkjem gammalarameisk); fem år tidlegare hadde Potken gjeve ut desse salmane åleine, den fyrste trykte teksten på etiopisk (Ullendorff 1968: 33). Utgåver med parallell tekst på fleire språk oppstod som eit resultat av auka kjennskap til framande språk frå ikring 1500, med den store spanske bibelutgåva i Complutum (no Alcalá de Henares, nær Madrid) som det mest framståande dømet (Turner 2014: 42).

I denne bolken finn me *Scholastica hystoria* av Petrus Comestor. Dette verket må ha hatt stor innverknad på norrøn litteratur og var mellom anna ei hovudkjelde for bibelkommentaren i *Stjórn* (Holm-Olsen 1995: 319). Samlinga inneheld fleire prestehandbøker, t.d. *Manipulus Curatorum* av den spanske presten Guido de Monte Rochen, skriven ikring 1330 og sidan spreidd vide ikring. Frå 1470-åra kom det mange trykte utgåver, men sidan denne er merkt med “in papyro”, dreier det seg nok om ein handskriven kodeks. Det er to missale, eitt for pavekyrkja og eitt for Nidaros-provinsen, som må vera eit eksemplar av *Missale Nidrosiense*. Mange av dei teologiske bøkene kan ha vore gamle handskrifter, men det er altså nye tilskot òg.

3.3.2 Juridiske bøker

Den juridiske samlinga er for det meste dei bøkene som kanniken Ogmund Olafsson testamenterte til kapittelet i 1381 (Johnsen 1908: 85, 91). Testamentet (DN II 468) nemner ikkje dei einskilde bøkene ved namn, men omtalar *allar minar bøker smaar ok storar. æingu vndantækno sæm iuri ciuili et ecclesiastico til høyra* ‘som handlar om sivil- og kyrkjerett’ i ålmenne ordelag, og føyer til *ok so marga formularios circa iudicialia. vt in se apparebunt* ‘og så mange juridiske formular som førekjem i dei’. Dei bøkene som kan identifiserast, ser hovudsakleg ut til å vera klassisk kyrkjerett

8. Studiet av gresk i Vesten starta ikkje før ikring 1400, og språket var lenge eksklusiv kunnskap (Reynolds og Wilson 1991: 146 ff.; Turner 2014: 40).

frå høgmellomalderen. Den einaste innførsla i denne bolken som heilt sikkert er for ung til å ha vore ått av Ogmund Olafsson, er *Tabula Nicolaj de Tudeschis*; Niccolò Tudeschi levde 1386–1445. I margen ved *Guilhelmus Putæus* står eit tilvisingsteikn til *Plinius secundus*, og innførsla skulle truleg vore i neste bolk (sjå nedanfor).

Fleire av bøkene i denne gruppa kan vera blant dei erkebisp Henrik Kalteisen hadde hatt til låns og leverte attende før han forlét Noreg i 1453 (Karlsen 2013: 35). Dette er kjent frå eit oversyn i kopiboka hans (trykt i Dybdahl 2002: 118 f. med omsetjing s. 153 f.). Det dreier seg om fleire verk frå høgmellomalderen om kanonisk rett, og ei preikesamling av pave Innocens I (pave 402–417) nemnd i lag med dei heilage skriftene.

3.3.3 Historiske bøker

Langt dei mest interessante bøkene er dei som er kalla historiske, men som femner om anna innhald òg. *Logica Pet. Hispani* er ei lærebok i logikk frå 1200-talet av Petrus Hispanus som vart noko av eit standardverk i mellomalderen. Dei som rekna seg som moderne humanistar tidleg på 1500-talet, såg likevel ned på boka som eit døme på gammaldags skola-stisk filosofi (Burke 1998: 95 f.; paradoksalt nok var det “moderne” motstykket klassiske forfattarar). *Liber Discantus* må vera ei musikkbok av eitkvart slag, og ein merknad viser at ho høyrde til katedralskulen (*in scholis*). Johnsen (1908: 92) reknar dette som eit nokså nytt tilskot til samlinga. *Jacobus Henrichmannus* viser til ein latinsk grammatikk av tyskaren Jakob Henrichmann (ca. 1482–1561) som kom ut fyrste gong i 1506 og vart mykje bruka. Desse tre bøkene kan ha vore nytta i undervisninga i katedralskulen, og mange av dei andre bøkene i denne gruppa har nok vorte lesne som ein del av latinundervisninga.

Fleire av dei historiske verka er romerske klassikarar som vart gløymde, før dei vart “atterfødde” i renessansen.⁹ *Titus Livius* (64/59 fvt.–17 evt.) skreiv *Ab urbe condita*, historia om Roma. Dei store humanistane Francesco Petrarca (1304–74) og Lorenzo Valla (ca. 1407–57) arbeidde med manuskripta, og trykte utgåver kom tidleg på 1500-talet (Reynolds 1983: 205–14), men på den tida var ein del manuskript komne i omløp. På 1400-talet vart Livius ein populær historikar, og det er kjent

9. Renaissance tyder ‘atterføding’ og er fyrst og fremst knytt til atteroppdaginga av antikken og bruk av modellar derifrå i perioden 1300–1500. Men omgrepet er bruka om andre periodar og andre “atterfødingar” òg.

at fleire herskarar lydte til opplesingar av han (Burke 1998: 58). Den romerske historikaren *Cornelius Tacitus* (ca. 56 evt.–ca. 117) var så godt som ukjend i mellomalderen, men verka hans vart trykte ikring 1500 (Reynolds 1983: 406–11). Det same gjeld *Valerius Flaccus* († ca. 90 evt.), som skreiv eit episk dikt om Jason og argonautane, fyrst utgjeve i 1474 (Reynolds 1983: 425–27). Johnsen (1908: 92) føreslår at innførsla viser til talen Cicero heldt for venen Flaccus, men talen er oftast kjend som *Pro Flacco*, og det verkar noko påfallande at éin spesifikk tale skulle vera ei bok aleine.

Andre romerske forfattarar var betre kjende i mellomalderen, til dømes boka om Jugurthakrigen av *Sallust* (86–ca. 35 evt.) (Reynolds 1983: 341–47). I Riksarkivet finst fragment etter eit Sallust-handskrift frå 1200-talet, skrive utanlands og innført til Noreg (Undset 1878). Fragmenta vart bruka til innbinding av rekneskapar frå Trøndelag for tida 1621–32, så handskriftet har tydelegvis vore tilgjengeleg for lensherren i Trondheim. Dette er truleg (Undset: “synes mig ei at kunne være tvivl”) leivningar etter det handskriftet me veit var i Trondheim i 1550-åra.

Vergil vart lesen samanhengande frå antikken, og det fanst mengder av manuskript frå høgmellomalderen av (Reynolds 1983: 433–36). Det er uvisst nett kva *Opera Virgilij* viser til, og kor gammal boka var, men tittelen *opera* ‘verk (pl.)’ kan tyda på ei samleutgåve. Ciceros *Epistolæ familiares* (‘brev til vener’) var lenge ukjende, men byrja å koma i omløp i seinmellomalderen (Reynolds 1983: 138–42; jf. Reynolds og Wilson 1991: 135). *Tusculanae Quaestiones* (oftare kalla *Disputationes*) av same mann kom i omløp i høgmellomalderen (Reynolds 1983: 132–35). *Plinius secundus* kan vera både den eldre og den yngre Plinius; mest truleg er det vel (ein del av) *Historia naturalis* av den eldre (23–79 evt.) (Johnsen 1908: 92).¹⁰ Dybdahl (2002: 170 n. 9) føreslår Plinius den yngre (61–ca. 113), som på si side er kjend for ei samling brev. Manuskripttradisjonen var fragmentarisk, men meir fullstendige utgåver vart etablerte av fleire renessansehumanistar ikring 1500, så ei slik utgåve kan heller ikkje utelukkast (Reynolds 1983: 316–22).

Tomus primus omnium operum Eusebij (‘fyrste band av alle verka’) viser truleg til kyrkjehistorikaren Eusebius frå Cæsarea (ca. 260–ca. 340). Ein

10. I mellomalderen vart dei to Pliniusane oppfatta som den same; det var fyrst tidleg på 1300-talet at dei vart skilde åt (Reynolds og Wilson 1991: 127). Plinius d.e. hadde det fulle namnet *Gaius Plinius Secundus*, og Plinius d.y. la *Secundus* til sitt eige namn då onkelen adopterte han.

kunne tru at ein slik omtale av alle verka viste til ei trykt samleutgåve, men *editio princeps* kom ikkje før i 1544, så det er likevel lite truleg. Rett nedanfor står *Tomus tertius Epistolarum Eusebij* ('tredje band av breva'), men den same Eusebius er ikkje kjend for meir enn eitt brev. Kanskje kan det dreia seg om ei utgåve av brev av sankt Hieronymus, for det fulle namnet hans var Eusebius Sophronius Hieronymus. At dei er oppførte saman her, kan anten vera tilfeldig eller fordi skrivaren sjølv har blanda dei to personane saman. Båe desse bøkene kom frå katedralskulen (*ex schola*).

I margin ved *Plinius secundus* står ei tilvising til *Guilhelmus Putęus* (sjå ovanfor). Dette er truleg ei latinisering av Guillaume Budé (1467–1540), jamvel om etternamnet vanlegvis har den latinske forma *Budaeus*. Budé arbeidde faktisk sjølv med Plinius d.y. (Reynolds 1983: 319), men gav det ikkje ut. Han skreiv blant anna om gresk språk, men er kanskje meir kjend for ei avhandling om romerske myntar (1514) og eit rettshistorisk verk (1508) som freista å sjå romarretten som del av ein romersk kultur og eit produkt av si tid (Burke 1998: 93). Det er uvisst kva bok som kom til Trondheim, men dersom plasseringa blant dei juridiske skriftene ikkje berre var ein lapsus av skrivaren, kan det tala for at det var den rettshistoriske boka.

Eit par oppføringar er berre lausleg historiske. *Aurelius Prudentius* (348–ca. 413) var ein tidleg kristen poet som heldt seg populær. *Lactantius Firmianus* (ca. 240–ca. 320) var ein annan kristen forfattar som har vore kalla "den kristne Cicero" (Reynolds 1983: 55 n. 7). Det er litt uklårt kor kjend han var, men han vart i alle fall spreidd meir i løpet av 1400-talet, og ei trykt utgåve kom i 1465.

Samlinga inneheld fleire verk av sentrale renessansehumanistar. *Cornucopie Perrottj* av italienaren Niccolò Perotti (1429–80) handlar i utgangspunktet om den klassiske poeten Martial (64–98), men inneheld eit vell av kunnskap av alle slag som gav namnet – *cornucopia* tyder 'overflodshorn'. Boka vart fyrst trykt i 1489. *Marcellinus Ficinus* (1433–99) var ein annan italiendar, mest kjend for arbeidet sitt med Platon, inkludert ei omsetjing til italiensk. Han var sentral i ei nyplatonsk gruppe i Firenze sist på 1400-talet (Burke 1998: 36 f., 89). Aforismesamlinga av Erasmus frå Rotterdam (1466–1536), *Collectanea adagiorum Erasmi*, vart fyrste gong trykt i 1500 og kom seinare i fleire utvida utgåver. *Epistola ad Carolum Cęsarem* 'brev til keisar Karl' er nok også av Erasmus; det må dreia seg om ei didaktisk bok som vanlegvis er kjend som *Institutio principis*

Christiani ('opplæring av ein kristen prins'). Boka kom ut i 1516 og var skriven for prins Karl, frå 1519 tysk-romersk keisar under namnet Karl V.¹¹ Erasmus gav ut fleire antikke forfattarar, til dømes Livius og Plinius d.e. (Reynolds og Wilson 1991: 162), og sidan det er andre bøker av Erasmus i samlinga, er det mogleg at bøkene av desse forfattarane også er hans utgåver.

Ei endå yngre bok er truleg *Folium populj*. Den einaste boka med den tittelen eg har funne, er eit lite hefte som tyskaren Peter Apian (1495–1552) gav ut i Ingolstadt i 1533 om ei ny oppfinning han hadde gjort. Heftet skildrar eit teknisk instrument og forklarar korleis det kan brukast til å måla timelengd og solhøgde.¹² Peter Apian var ein allsidig naturfysikar og hadde sitt eige trykkjeri i tillegg til å undervisa ved universitetet i Ingolstadt. Identifikasjonen er ikkje fullviss og høver ikkje heilt med rubrikken *historicorum*, men tittelen skal kanskje forståast negativt som sekulære, ikkje-juridiske skrifter.

3.4 Ein europeisk kulturkrins

Gina Dahl (2011: 7) seier om Noreg i tidleg nytid at “the world of learning of the educated also followed European trends”, og som boksamlinga åt domkapittelet i Trondheim viser, går dette attende til fyrste halvta av 1500-talet. Både blant dei heilage skriftene og dei juridiske bøkene kan mange ha vore nokså gamle handskrifter som hadde tilhøyrt domkapittelet i fleire hundre år – skinnbøker held seg lenge. Men fleire av dei klassiske forfattarane var lite kjende i mellomalderen, og verka deira overlevde berre i nokre få handskrifter i bortgøymde klosterbibliotek før dei vart gjenoppdaga og utgjevne som ein del av prosjektet åt renessansehumanistane. Det gjeld i fyrste rekkje Livius, Tacitus og Flaccus, slik at det er sannsynleg at bøkene deira har vore trykte utgåver. Det same gjeld naturlegvis bøker av den gongen moderne forfattar. Espen Karlsen (2013: 36) reknar med at dei fleste bøkene var handskrivne, med Niccolò Perotti, Erasmus, Tacitus og Marsilio Ficino som trulege unntak; men når det heilt visst fanst trykte utgåver i boksamlinga, er det vel òg grunn til å rekna med at ein del av dei andre klassiske verka er moderne utgåver,

11. Førnemnde Budé gav òg ut ei liknande bok, skriven for Frans I av Frankrike i 1519 (Burke 1998: 85). Slike bøker fortset den eldre *speculum*-tradisjonen som i Noreg er representert av *Konungs skuggsjá* (*speculum regale*).
12. Teksten med omtale er 26. mars 2015 tilgjengeleg på <http://www.ingolstadt.de/stadtmuseum/scheuerer/personen/api-03.htm>.

ikkje handskrifter med ein lang tradisjon. Allereie tidleg i trykkjehistoria vart dei latinske klassikarane prenta, slik at dei fleste låg føre i trykte utgåver ikring 1475 (Reynolds og Wilson 1991: 144). På den andre sida sirkulerte til dømes Vergil i talrike manuskript, slik at ein ikkje kan rekna med at boka i Trondheim var trykt. Det same gjeld andre bøker som på denne tida hadde vorte trykte, men som samstundes hadde sirkulert i handskrifter gjennom høg- og seinmellomalderen.

Ei rekkje verk av renessansehumanistar kan av naturlege skil ikkje vera særleg gamle. Perotti og Ficino var aktive på 1400-talet, Erasmus hovudsakleg etter 1500, og latiningrammatikken av Henrichmann kom ikkje ut før i 1506. Bøkene deira har altså funne vegen her nord som nye tilskot til boksamlinga. Spennande er òg den tekniske boka av Apian, dersom identifikasjonen er rett. På den andre sida er det ingen teikn i denne lista på at det har kome til bøker etter reformasjonen. Frå andre kjelder veit me at nokre reformasjonsskrifter kom til Trondheim; til dømes sende Laurens Andersson, sekretær for kong Gustav (Vasa) av Sverige, eit eksemplar av den svenske omsetjinga av Det nye testamentet til erkebisp Olav Engelbrektsson i 1526 (DN XIV 545; jf. Johnsen 1908: 77 n. 3). Jamvel om slike bøker ikkje inngjekk i kapittelsamlinga, må dei ha funnest i Trondheim, for kyrkjeordinansen av 1539 fastsette at prestane skulle lesa reformasjonsskrifter (Kolsrud 1962: 69 f.). Ei mogleg forklaring er at desse har vore privateige for dei geistlege, eller at klerkane i minsto har hatt dei ståande heime hjå seg.

Ei nyleg drøfting av boksamlinga i Trondenes viser nokre av dei same kulturelle strøymingane som i Trondheim (Bergesen 2013). Eldre kjelder fortel om ei større boksamling der, og inkunablar med bibelkommentarar av Nikolaus av Lyra er gøymda til i dag (no i Riksarkivet). Der fanst òg originale arbeid frå 1400-talet; sikker er *Summa Theologica Moralis* av Antoninus Florentinus (1389–1459) og truleg *in Acta Apostolorum* (kommentar til Apostelgjerningane) av Bernard av Rousergues († 1475) (Bergesen 2013: 77). Frå anna hald er det kjent at ei trykt bok av Bernhard av Breidenbach (ca. 1440–97) tilhørde Olav Torkellsson († 1535), den siste katolske bispnen i Bergen (Collijn 1914: 61). Både til Bergen og Trondenes kom det altså nye bøker den siste tida før reformasjonen, og det er tydeleg at renessanseideane nådde nord til Noreg.

Me kjenner nokre av dei bøkene Aslak Bolt førte med seg då han kom som erkebisp til Trondheim i 1428, og dei gjev eit meir tradisjonelt inntrykk (DN V 586; jf. Johnsen 1908: 88 f.). Det dreier seg i hovudsak

om liturgiske bøker og eit par teologiske klassikarar. Johnsen føreslår at *textus Britonis* er eit arbeid av “den valisiske minorit Guillemus (Galfredus) Brito († 1356)” og altså nokså moderne, men identifikasjonen er uvis. Aslak Bolt var velkjend for kontakten sin med birgittinarane, og han åtte ei samling openberringar, *liber reuelacionum Birgitte*. Det litle me kan læra om lærdomsinteressene hans, tyder på ei tradisjonell orientering ulik den me møter hundre år seinare. Ingen av bøkene i samlinga frå 1550-åra viser til kontakt med birgittinarane, jamvel om Aslak Bolt altså åtte minst éi slik bok og det var andre handskrifter i omløp. Karlsen (2013: 32) meiner at eit birgittinsk handskrift frå tidleg 1500-tal er kopiert i Munkeliv kloster i Bergen, slik at dei har produsert nye handskrifter gjennom heile seinmellomalderen.

Den avsluttande vurderinga av dette vert at så lenge det katolske erkesetet eksisterte, var det knytt til ein europeisk kulturkrins og fylgde med dei kulturelle strøymingane lenger sør i Europa. I denne samanhengen kan det vera verdt å nemna at dei fremste kyrkjemennene hadde studert i Tyskland, ofte i Rostock og siste tida før reformasjonen gjerne i Köln. Det er naturleg å tenkja seg at mange bøker har vorte med studentar nordover når dei etter fullført utdanning reiste heim til stillingar i kyrkja i Noreg. Det er dessutan truleg at erkebisp Erik Valkendorf har bidrege til å spreia nye tankar i Noreg.

4 Norsk litterær kultur i seinmellomalderen

Eyvind Fjeld Halvorsen (1982) har spurt seg om det vart lese litteratur i Noreg i senmellomalderen. Det er verdt å merkja seg at han med *litteratur* meiner om lag ‘narrative tekstar på norrønt’ og held “[l]atinsk oppbyggelseslitteratur og latinske teologiske verker” utanfor, sidan dei “var laget for andre formål enn litterære” (op.cit.: 129). Det er ikkje opplagt at han har rett i det, og dei historiske bøkene i boklista frå Trondheim må uansett definisjon reknast som ‘litteratur’. Halvorsen (1982: 140) endar i ein agnostisk konklusjon: “vi vet ikke, og kan aldri få vite, om [litteratur] ble lest av mange, om den var svært populær, om man eventuelt foretrakk for eksempel helgensagaer. Materialet er ganske enkelt ikke godt nok til å gi oss midler til å svare.” Men når domkyrkja i Nidaros såg seg tent med å skaffa dyre bøker med historisk innhald, må det vitna om interesse for litteratur – om ikkje den gamle norrøne litteraturen.

Else Mundal (1998) gjev ei noko meir positiv vurdering av stoda og meiner det er grunn til å tru at noko av den gamle litteraturen faktisk var kjend utover i seinmellomalderen. Ho peikar mellom anna på eit skiftebrev frå 1366 (DN IV 457), som omtalar *ein bok þen sem fyrst er vp a Beuers sagha ok marghar adrar godar saughur j þeiri einne bokenne. ok vii adrar sma bøker. sem bede er tida bøker ok saughu bøker* 'ei bok der *Bevers saga* står fyrst og mange andre gode soger i denne eine boka, og sju andre små bøker som er både tidebøker og sogebøker'. Men nye bøker vart ikkje skrivne i Noreg, og før me vender attende til kva litteratur som vart lesen, skal me stutt sjå på moglege grunnar til at det ikkje vart skriva noko.

4.1 *Kvifor kom nedgangen i tekstproduksjonen?*

Den norske bokproduksjonen fjøra som nemnt ut på 1300-talet, berre nokre få jordebøker og ei hende avskrift av den gamle landslova stikk ut; det ser heller ikkje ut til at det vart skriva fleire diplom med åra, men heller færre (Hagland 2005). Bokimporten frå Island, som hadde vore viktig i høgmellomalderen, tok òg slutt ikring 1400 (Stefán Karlsson 1979).¹³ Dette kan knytast til ei meir overordna endring i politisk og kulturell orientering i Noreg.

I høgmellomalderen var Noreg vendt vestover, politisk mot skattlanda i Nord-Atlanteren og kulturelt i nært samband med Island. Noreg hadde òg kulturell kontakt med kontinentet, og eit utslag av dette var omsetjinga av europeisk litteratur som hoffet fekk i stand, særleg under Håkon IV Håkonsson (konge 1217–63). Frå 1300-talet skjedde det ei politisk vending mot søraust, og under Håkon V Magnusson (1299–1319) vart Oslo den viktigaste byen i Noreg og staden der hoffet var samla – når kongen ikkje var på reisefot. Tilhøvet til Danmark og Sverige vart den viktigaste saka i norsk utanrikspolitikk med dei nordiske unionane, fyrst med Sverige frå 1319, sidan (frå 1380) med Danmark. Norsk historieskriving har lagt i overkant stor vekt på at kongen og hoffet etter 1319 var "utanlandsk", men Erik Opsahl (2015: 143–52) viser at kongane oppheldt seg mykje i Noreg, og konkluderer med at "det er ikke grunnlag for å hevde at kongemakta flyttet ut av Norge ved kong Magnus' tron-

13. Eit seint unntak er det nemnde kongesogehandskriftet *Bergsbók*, skriva på Island ikring 1400. Det kom til Noreg etter 1450, mest truleg på 1500-talet, og var i alle fall i Bergen i andre kvartal av 1500-talet (Jørgensen 1993: 179–81).

bestigelse. Ei norsk kongemakt med jevnlig kongelig tilstedeværelse i landet eksisterte til og med Håkon 6.s død i 1380.”

Det er likevel ingen tvil om at tilhøvet til Sverige vart det aller viktigaste i norsk politikk på 1300-talet, og i samband med dette skjedde det òg ei kulturell vending mot aust. Eitt utslag av det kulturelle hopehavet var språkleg påverknad, og norske tekstar frå seinmellomalderen viser mykje svensk og seinare dansk innverknad (Indrebø 2001: 166–200). Dette viser tydeleg nok kvar det kulturelle hegemoniet i seinmellomalderen låg. Jon Gunnar Jørgensen (2012) drøftar det nære sambandet mellom Noreg og Sverige på 1300- og 1400-talet, og viser korleis både fysiske handskrifter og litterære motiv vandra frå vest til aust, som når den (omsette) norrøne saga om *Pidrek af Bern* vart attdikta som den svenske *Didrikskrønikan*. Dei såkalla *Eufemiavisene* vart omsette til svensk på initiativ av den (tyskfødde) norske dronninga Eufemia av Rügen, og to av dei bygde på stoff som var kjent frå norrøne soger. Slik vidareføring av tradisjonsstoff skjedde berre munnleg i Noreg.

På Island vart derimot den gamle litteraturen halden i hevd ved stadig nye avskrifter, og han vart omdanna i den nye sjangeren *rímur*. Det er naturleg å spørja seg kvifor utviklinga var så ulik i dei to landa som tidlegare utgjorde eitt språk- og kulturområde. Éin faktor kan vera at kyrkjemiljøet i større grad inngjekk i “det vanlege samfunnet” på Island. Der var kyrkjene for ein stor del private og stod på storgardar kringom i landet. Dessutan er det truleg at skrivekunna var større i breiare lag av folket der enn i Noreg; særleg frå sist på 1300-talet og seinare kjenner me fleire handskrifter som er skrivne av lekmenn, og lesekunna har ven-teleg gått vidare enn skrivekunna (Stefán Karlsson 2000 [1998]: 239–41).

Samansetjinga av presteskapet kan òg vera relevant. Mange utanlandske prestar fekk ombod og stillingar i Noreg. Dette vart delvis oppfatta som eit problem. Faktisk ynskte erkebisp Aslak Bolt i 1436 å styrkja utdanninga av norske prestar, fordi *propter paucitatem clericorum innatorum in regno per alienigenas ecclesiastica beneficia occupantur* ‘på grunn av mangelen på innanlandske klerkar i riket vert kyrkjelege embete opp-tekne av utanlandskfødde’ (NgL 2.r. I 307 § 20). Utanlandske klerkar kan ha ført med seg nye kulturimpulsar til Noreg og samstundes hatt minimal interesse for den gammalnorske litteraturen.

Mange svenskar og danskar gifte seg samstundes inn i dei norske adelsættene, men dei oppfatta seg tydeleg nok som norske og kunne

nytta nasjonale argument i den politiske verksemda si (Opsahl 2012).¹⁴ Men dei som kom til Noreg i vaksen alder, må likevel ha hatt ein kultur-ell bakgrunn gjennom oppvekst og utdanning som neppe stimulerte interessa for den gammalnorske litteraturen. Når kyrkja samstundes var så utoverretta og internasjonal både i samansetjing og kulturell orientering, fanst det inkje miljø eller lag av folket som kunne halda oppe folkemåls litteraturen. Dei som kunne lesa og skriva, hadde andre interesser, som boksamlinga i Trondheim tydeleg viser.

4.2 Islandske boksamlingar

Orri Vésteinsson (1990) har gått gjennom alle *máldagar* (eigedomslister for kyrkjene) i *Diplomatarium Islandicum* (DI) og samla det som finst av opplysningar om bøker.¹⁵ Eit problem med ei slik undersøking er at langt frå alle bøkene er spesifiserte, og ein kan finna uttrykk som *6 latínubækur* o.l. Eg har sett nærare på dei listene som fell saman med den norske i tid, altså frå fyrste helvta av 1500-talet.

Det såkalla *Sigurðarregistri* gjev nokså gode opplysningar om all eigedom, både lausøyre og fast eigedom, som høyrde til domkyrkja i Hólar og alle kyrkjer og kloster i stiftet; i dette inngår òg bøker. Eldste luten er sett opp i 1525 og prenta i DI IX 266–78 (= s. 293–334; sjå nedanfor om ein yngre del). Ein stor del av bøkene er naturlegvis messe- og songbøker av ymse slag, men der er òg norrøne bøker. Helst er det soger om bispar og helgenar, men òg meir profan litteratur. Olavssoger er vanlege, og domkyrkja hadde også andre kongesoger og dessutan *Njála* (s. 299). Av klassiske forfattarar finst til dømes Aristoteles og Ovids *De arte amandi* (s. 298). Alt i alt er det drygt 300 bøker i oppføringane frå 1525. Dei færreste er namngjevne, såleis er ei tidleg innførsle berre *latínu bækur 5 og 40 annars hundraðs* (= 145), ei anna *Historiubækur 8*, men såpass mange er spesifiserte at ein skulle tru det ville gjelda nye og/eller spesielle bøker.

Ei liknande liste frå same registeret over eigedomen åt kyrkjene i Hólar bispedøme i 1550 er prenta i DI XI 688 (= s. 848–80). Der inngår

14. Den danskfødde adelsmannen Vincens Lunge (1483–1536) omtala seg til dømes fleire gonger som “norsk” (DN VII 613 og 638). Men det ser ikkje ut til at språk var ein essensiell del av førmoderne norske nasjonsførestillingar (Berg i prent; Opsahl 2012: 19 n. 59).
15. Dette er det arbeidet Tryggvi J. Oleson (1957: 502) etterlyser. Trass i tittelen tek Tryggvi sjølv berre føre seg listene for Hólar bispedøme, hovudsakleg i 1318, men med nokre seinare tillegg.

ein del bøker, men det er mest messebøker av ymse slag. Somt er òg på skandinavisk, t.d. *sermons bækur .ij. Jslendskar. Og ein daunsk postilla* og ein *bibilia* [sic!] *j norrénu* (s. 850); same stad er òg fire helgensoger nemnde: *Jons saga*, *Þorlaks saga* og *Gudmundar saga* (to eksemplar) er alle islandske bispesoger, og sidan *Mariu saga* er omtala på islandsk, er det fulla ei heimleg soge det òg. Det var vanleg å skriva tittelen på same språk som boka sjølv (Johnsen 1908: 88). Stort sett er det ikkje spesifisert nærare kva bøker det er snakk om, men ei *donsk cronica j latinu* er truleg Saxo Grammaticus; Saxo fanst òg i Skálholt i 1588 (Orri Vésteinsson 1990: 60). Men viktig i denne samanhengen: Ingen stad er det noko som viser eksplisitt til nyare verdsleg litteratur. Det er somme stader vist til *jstoriubok*, men dei er nemnde saman med religiøse bøker (t.d. *Eingelsk jstoriubok og grallare*, DI XI: 852), og er vel helst lesetekstar etter kyrkjeåret.¹⁶ Ei innførsle som *Historiubækur 8, á vetur 4 og á sumar 4* og andre merknader om tilknytning til årstid tyder på det (Orri Vésteinsson 1990: 128; DI XI: 849–55). Den same kontakten med renessanse-Europa som er så slåande i Trondheim, er ikkje til stades her.

4.3 Historiografi

Norsk historieskriving har lagt vekt på ei politisk og kulturell stordomstid med “Noregsveldet” på 1200-talet, fylgd av eit forfall i seinmellomalderen som kulminerte med dansketid og 400-årsnatt. Dette synet har møtt motbør i nyare tid, og Steinar Imsen (2002: 7) held fram at “både oppgangen i høg mellomalderen og nedgangen i seinmellomalderen er historikarskapte tolkingskategoriar [...] fulle av *nasjonale verdidommar*”.

Denne framstillinga av den politiske historia har òg lagt føringane for kulturhistoria. Seinmellomalderen har vorte skildra som ei kulturell nedgangstid i Noreg, i kontrast til det rike og mangfaldige kulturlivet i høg mellomalderen.¹⁷ Det vart ikkje lenger skrive bøker i særleg grad, og nordmennene mista kontakten med den gamle norrøne litteraturen. Interesse for han vakna ikkje att før i siste halvta av 1500-talet, særleg med dei såkalla bergenshumanistane (Jørgensen 1995). Ludvig Holm-Olsen (1981: 14 f.) skildrar danninga av små kulturmiljø i dei største byane, miljø

16. Islandske *grallari* tyder ‘graduale’, ei liturgisk bok med messesongar.

17. Ei interessant motførestilling kom frå Hans E. Kinck: *I Storhetstid* (1922) hevda han at 1200-talet var ei forfallstid, fordi kulturen var så dominert av utanlandsk inspirasjon og førebilete.

“som hørte til i en videre europeisk kulturkrets” midt på 1500-talet. I norsk litteraturhistorieskriving har det vore ein tendens til å gå rett frå den norrøne litteraturen over til bergenshumanistane (t.d. Andersen 2001).

Men noko kjennskap til både litteraturen og ikkje minst språket må ha funnest, særleg blant lagmennene. Eit framståande døme er den førnemnde Jon Simonsson (jf. avsnitt 2.1), som kjende det gamle språket godt. *Trondheims kapittelsbok* inneheld avskrifter av gammalnorske brev med tilknytning til domkapittelet, og dette viser likeins kjennskap til målet. Likevel var altså ikkje interessa for den gamle litteraturen stor, og for somme eldre forskarar har dette framstått som noko nær ein nasjonal katastrofe:

Det kan saaledes ikke negtes, at denne geistlighed i det store og hele har manglet sans for den norsk-islandske litteratur og for fædrelandets historie. Dens aandelige interesser er næsten udelukkende betinget og begrænset af dens lærde opdragelse, og denne har sjelden noget supplement i nationale traditioner. (Johnsen 1908: 94)

Også i ei moderne framstilling som Holm-Olsen (1995) har avsnittet “Senmiddelalder” mest preg av ein jeremiade.¹⁸ Mangelen på ein innanlands litterær produksjon har saman med tapet av nasjonalt sjølvstende vorte ein del av ei større forteljing om Noregs nedgang (jf. Imsen 2002). På mange vis var nok seinmellomalderen mørk, men fullt så mørk som han stundom har vorte framstilt, var perioden kanskje ikkje lell.

4.4 Revurdering

Tradisjonell litteraturhistorieskriving har vore oppteken av tekstproduksjon. Det er i hovudsak skrivinga av litteratur som har vore interessant, i mindre grad lesinga og bruken av han. Også ei nyare framstilling som Andersen (2001) fylgjer denne tradisjonen. Frå 1970-talet har resepsjonsstudiar vorte ein viktigare del av litteraturforskninga; mottaking, lesing og bruk av tekstar har vorte eit like viktig aspekt ved den litterære kulturen som tekstproduksjonen. Det opnar for ei meir positiv vurdering av kulturhistoria i seinmellomalderen.

18. Framstillinga er eldre enn årstalet tyder på, for ho vart skriven til fyrsteutgåva av *Norges litteraturhistorie* i 1974. Holm-Olsen døydde i 1990 og har i alle fall ikkje oppdatert teksten sidan.

Som gjennomgangen ovanfor har vist, var domkapittelet i Trondheim heilt på høgd med den lærde kulturen i samtida og framstår på mange vis som svært moderne. Antikvarisk interesse for folkemåls litteraturen var ikkje verdsett i den tidlege renessansen, det var derimot studiet av dei klassiske latinske forfattarane. I dette stykket hadde altså dei geistlege i Trondheim same preferansar som humanistar andre stader i Europa; dei fylgde med i dei åndelege straumdraga som rådde lenger sør i Europa og var del av “en vidare europeisk kulturkrets”. Dette står imot det tradisjonelle synet som t.d. Erik Gunnes (1986: 2) målber når han skriv at “[den norske kirken] ser ut til å ha fungert i sløv rutine, og hatt lite av åndens liv å formidle, i den katolske kirkes siste dager”. Kyrkja var ein stat i staten, med paven i Roma som øvste leiar, og ho var internasjonalt orientert og knytt til ein sams europeisk lærdomskultur. I dette biletet høyrer det òg med at talet på norske utanlandsstudentar var på topp i tida 1450–1536 (Kolsrud 1962: 44). Dimed kan ein snu vurderinga av seinmellomalderen på hovudet og hevda at dei norske lærde var oppegående deltakarar i ei europeisk kulturell rørsle.

Store delar av boksamlinga er tradisjonell litteratur som eit domkapittel måtte ha i mellomalderen, særleg eksegetisk litteratur og liturgiske bøker. Dei fleste av dei juridiske bøkene var òg nokså gamle, og innhaldet klassikarar i kanonisk rett frå høgmedalderen. Men samstundes er samlinga supplert med nye bøker, både av lærde humanistar og utgåver av klassiske forfattarar. Fleire av desse bøkene, og nødvendigvis den latinske grammatikken av Henrichmann, var truleg til bruk i undervisninga og viser eit høgt nivå på latinstudia. Også dei nye tilskota til boksamlinga representerer ein reint katolsk renessanse, for det er ingen teikn til viktige reformasjonsforfattarar (men sjå avsnitt 3.4).

Peter Burke (1998: kap. 4) skildrar det han kallar seinrenessansen, tidfest til omtrent 1530–1630, som eit framhald der ideane frå den tidlegare renessansen vart vidareutvikla, og der det vart opna for større mangfald enn det einsidige fokuset på den romerske antikken. Ei side ved dette utvida perspektivet var auka interesse for mellomalderen. Det kan framstå som paradoksalt, sidan grunnideen var ei atterføring av antikken etter dei mørke hundreåra, men grunnen var rivalisering med Italia. For italiendarane var studiet av den romerske antikken samstundes ei nasjonalhistorisk sak, og ei logisk tilpassing i andre land var å setja den nasjonale historia på høgd med den italienske (romerske) antikken. Slike tankar vann innpass hjå somme i Tyskland ikring 1500 (Burke 1998: 97), men

verkeleg bør fekk ikkje denne rørsla før i siste halvta av 1500-talet (op.cit.: 127). Eit tidleg utslag av slike tankar i Danmark-Noreg var utgjevinga av Saxo Grammaticus' *Gesta Danorum* ved Christiern Pedersen i 1514, der Erik Valkendorf bidrog til finansieringa (Gjerløw 1986: 56). James Turner (2014: 53–55) peikar likeins på ei auka interesse for nasjonal historie kringom i Europa frå midten av 1500-talet. Det var òg då bergenshumanistane byrja å interessera seg for den gammalnorske litteraturen, fyrst og fremst som kjelde til norsk historie. Ein av dei populære sjangrane i norsk høgmellomalder var romansane som vart omsette til norrønt, dels på initiativ frå hoffet, og som fekk avleggjarar på Island, såkalla originale riddarsoger skrivne etter modell av dei omsette. Romanesjangeren vart kritisert av fleire viktige humanistar, t.d. Erasmus (Burke 1998: 96). Atter er det eit moderne trekk ved norske lærde at dei ikkje las slik litteratur, etter det me kan finna ut.

Else Mundal (1998: 224 f.) føreslår ei revurdering av seinmellomalderen på anna grunnlag: Den eldste norrøne diktinga hadde opphav i munnleg litteratur før ho vart fest til pergament. Frå høgmellomalderen kom nye skiftlege sjangrar til, særleg den lærde litteraturen, men òg historieskriving og kongesoger inspirerte av den latinske krøniketradisjonen. Sogelitteraturen vart overført frå den munnlege forteljinga til den skriftlege teksten, men i seinmellomalderen kom nye munnlege sjangrar til: Kyrkja, enda så tekstbasert ho var, forkynte munnleg, og den nye balladediktinga var ei munnleg form. På bakgrunn av dette konkluderer Mundal slik:

I staden for å vurdere det litterære livet i seinmellomalderen i Noreg på grunnlag av at den nyskapande litterære verksemda knytt til skriftkultur praktisk talt tek slutt, kunne vi kanskje sjå det slik at denne perioden representerer ei revitalisering av den munnlege litterære kulturen. (Mundal 1998: 225)

Ved å leggja bort det einsidige fokuset på tekstproduksjon og oppvurdera den munnlege litteraturen og resepsjonen av utanlandsk tankegods, kan me vurdere seinmellomalderen meir positivt. Dette var ikkje mogleg innanfor ei nasjonal forståingsramme ervd frå 1800-talet, representert av Johnsen, eller tradisjonell litteraturhistorieskriving konsentrert om tekstproduksjon, representert av Holm-Olsen (og for så vidt Andersen).

5 Utgang

Jamvel om produksjonen av nye bøker stoppa opp i Noreg i seinmellomalderen, kom likevel ny litteratur til i munnlege sjangrar (folkediktinga). Det er òg nokre spor etter studiar av norrøn litteratur, særleg lovttekstar, men denne interessa tok ikkje av før i siste halvta av 1500-talet. Men ny utanlandsk litteratur kom til landet, og norske geistlege var ikkje upåverka av renessansen. Med eit litteratursyn som inkluderer resepsjon og omdanning av tekstar i nye former, framstår ikkje seinmellomalderen som like mørk lenger.

Gina Dahl (2011: 13) peikar på at den lesande klassen i Noreg var spreidd; “absent from Norwegian society were large circles of intellectuals gathered within institutions of higher education”. I reformasjonstida utgjorde dei gamle domkapitla framleis noko som kunne aspirera til tittelen “circle of intellectuals”. Jamføringa av boksamlinga frå Trondheim med tilsvarande opplysningar frå Island viser ein tydeleg skilnad mellom landa: Dei lærde i Noreg las den sams europeiske lærdoms litteraturen, medan dei på Island i mykje større grad las den gamle norrøne litteraturen.

Ein kan såleis seia at den islandske lærdomskulturen var meir heimegrodd enn den norske. For dei som skreiv historie innanfor eit nasjonalhistorisk paradigme, var nett kontakten med *eiga* fortid det gjæve, som det kjem klårt fram i utsegna av Oscar Albert Johnsen ovanfor. Men dette er ei anakronistisk overføring av 1800-talsførestillingar på situasjonen i overgangen frå seinmellomalder til tidleg nytid. Når klerkane i Nidaros heller las Tacitus enn Snorri, viser det heller kor moderne dei var, som del av ein sams europeisk lærdomskultur som nådde heilt ut til desse “extrema aquilonaris christianitatis plaga”.

Litteratur

Andersen, Per Thomas. 2001. *Norsk litteraturhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Berg, Ivar. I prent. “The making of the Scandinavian languages.” I: *Metalinguistic Perspectives on Germanic Languages. European Case Studies from Past to Present*, red. Gijsbert Rutten og Kristine Horner. Oxford: Peter Lang.

- Bergesen, Rognald Heiseldal. 2013. "Middelalderens bibliotek på Trondenes." *Collegium medievale* 26: 60–88.
- Burke, Peter. 1998. *The European Renaissance. Centres and peripheries*. Oxford: Blackwell.
- Collijn, Isak. 1914. *Katalog der Inkunabeln der Kgl. Bibliothek in Stockholm*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Dahl, Gina. 2011. *Books in Early Modern Norway*. Leiden/Boston: Brill.
- DI = *Diplomatarium Islandicum* I–XVI. 1857–1972. København/Reykjavík: Hið íslenska bókmenntafjelag.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum* I–XXIII. 1847–2011. Christiania/Oslo.
- Dybdahl, Audun. 2002. *Nidaros Domkirkes og geistlighets kostbarheter*. Skrifter (Senter for middelalderstudier) nr. 14. Trondheim: Tapir akademisk.
- Ekroll, Øystein. 2015. *The Octagonal Shrine Chapel of St Olav at Nidaros Cathedral*. Ph.d.-avhandling, Institutt for historiske studium, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.
- Friis, Peder Clausson. 1881. *Samlede skrifter*. Utg. Gustav Storm. Kristiania: Brøgger.
- Gjerløw, Lilli. 1986. "The Breviarium and the Missale Nidrosiense (1519)." I: *From Script to Book*, red. Hans Bekker-Nielsen, Marianne Børch og Bengt Algot Sørensen, 50–77. Odense: Odense University Press.
- Gunnes, Erik. 1986. "Peder Claussøn og hans samtid." I: *Peder Claussøn Friis' samtid og miljø på Agder*, red. Hans Try, 1–30. Kristiansand: Agder distriktshøgskole.
- Hagland, Jan Ragnar. 2005. *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo: Novus.
- Halvorsen, Eyvind Fjeld. 1982. "Ble det lest litteratur i Norge i middelalderen?" *Saga och Sed* 1982: 128–40.
- Hamre, Lars. 1986. "Jon Simonsson, jurist og humanist, tradisjonsformidlar og sambandsledd mellom gammal og ny tid." I: *Peder Claussøn Friis' samtid og miljø på Agder*, red. Hans Try, 77–125. Kristiansand: Agder distriktshøgskole.
- Holm-Olsen, Ludvig. 1981. *Lys over norrøn kultur*. Oslo: Cappelen.
- . 1995. "Middelalderens litteratur i Norge." I: *Norges litteraturhistorie* I, red. Edvard Beyer, 4. utg., 19–342. Oslo: Cappelen.
- Holtsmark, Anne. 1956. *Legendarisk Olavssaga*. Corpus Codicum Nor-

- vegicorum Medii Aevi, Quarto Series, vol. 2. Oslo: Selskapet til utgivelse av gamle norske håndskrifter.
- Imsen, Steinar. 2002. *Noregs nedgang*. Oslo: Samlaget.
- Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Johnsen, Oscar Albert. 1908. "Norske geistliges og kirkelige institusjoners bogsamlinger i den sene middelalder." I: *Sproglige og historiske avhandlinger viede Sophus Bugges minde*, 73–96. Kristiania: Aschehoug.
- (red.). 1922. *Olafs saga hins helga*. Kristiania: Dybwad.
- Jón Helgason. 1960. "Det norske Kærlighedsdigt i DG:8." *Opuscula* 1 = *Bibliotheca Arnarnagana* XX: 78–80.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 1993. "Sagaoversettelser i Norge på 1500-tallet." *Collegium Medievale* 6: 169–97.
- . 1995. "Bergenshumanistene og kongesagaene." *Nordica Bergensia* 7: 42–54.
- . 2012. "Didrik til hest – fra øst til vest." I: *Francia et Germania*, red. Karl G. Johansson og Rune Flaten, 289–307. *Bibliotheca nordica* 5. Oslo: Novus.
- Jørgensen, Jon Gunnar og Vésteinn Ólason. 1992. "Fyrirlát mér jungfrúin hreina. Et norsk religiøst dikt fra senmiddelalderen." I: *Eyvindarbók. Festskrift til Eyvind Fjeld Halvorsen 4. mai 1992*, red. Finn Hødnebo m.fl., 169–88. Oslo: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Karlsen, Espen. 2005. "Liturgiske bøker i Norge inntil år 1300 – import og egenproduksjon." I: *Den kirkehistoriske utfordring*, red. Steinar Imsen, 147–70. Skrifter (Senter for middelalderstudier) nr. 19. Trondheim: Tapir akademisk.
- . 2013. "Latin Manuscripts of Medieval Norway: Survival and Losses." I: *Latin Manuscripts of Medieval Norway*, red. Espen Karlsen, 27–36. Oslo: Novus.
- KLNM = *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 1–22. Oslo/Stockholm/København, 1956–78.
- Kolsrud, Oluf. *Presteutdanning i Noreg*. *Norvegia Sacra* XXI. Oslo: Universitetsforlaget.
- Liestøl, Knut. 1970. *Den norrøne arven*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mortensen, Lars Boje. 2005. "Den norske middelalderlitteratur på latin." I: *Den kirkehistoriske utfordring*, red. Steinar Imsen, 139–46. Skrifter (Senter for middelalderstudier) nr. 19. Trondheim: Tapir akademisk.

- Mundal, Else. 1998. "Norsk litteratur i seinmellomalderen." *Prismet* 49: 217–26.
- NgL IV = *Norges gamle Love indtil 1387* IV. Utg. Gustav Storm. Christiania: Grøndahl, 1885.
- NgL 2.r. = *Norges gamle Love, Anden række 1388–1604*. Band I ved Absalon Taranger, Christiania: Grøndahl, 1912; band III(1) ved Grethe Authén Blom, Oslo: Universitetsforlaget, 1966.
- Opsahl, Erik. 2012. "Nasjonal identitet i middelalderen? Båhuslen som del av et norsk nasjonalt fellesskap i middelalderen." I: *Bohuslän som gränslandskap*, red. Helene Carlsson, 11–22. Uddevalla: Bohusläns museum.
- . 2015. "Hvorfor er ikke Håkon 6.s gravsted avmerket i ruinen av Mariakirken? – Oslo som kongelig residens- og forvaltningsby på 1300-tallet." I: *En aktivist for Middelalderbyen Oslo*, red. Lise-Marie Bye Johansen m.fl., 133–64. Oslo: Novus.
- Orri Vésteinsson. 1990. "Bókæign íslenskra kirkna á miðöldum." BA-oppgåve, Háskóli Íslands, Reykjavík.
- Pettersen, Gunnar. 2013. "From Parchment Books to Fragments: Norwegian Medieval Codices Before and After the Reformation." I: *Latin Manuscripts of Medieval Norway*, red. Espen Karlsen, 41–65. Oslo: Novus.
- Reynolds, L.D. (red.). 1983. *Texts and transmission*. Oxford: Clarendon.
- Reynolds, L.D. og N.G. Wilson. 1991. *Scribes and Scholars*. 3. utg. Oxford: Clarendon.
- Robberstad, Knut. 1976. *Retts saga* I. 3. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Solberg, Olav. 2011. "'Paa gammelt Maal og paa Pergament.' Har det funnest ein skriftleg norsk balladetradisjon?" *Maal og Minne* 2011: 67–95.
- Stefán Karlsson. 1979. "Íslandsk bogeksport til Norge i middelalderen." *Maal og Minne* 1979: 1–17.
- . 2000 [1998]. "Íslensk bókagerð á miðöldum." I: *Stafkrókar*, red. Guðvarður Már Gunnlaugsson, 225–41. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar.
- Steinnes, Asgaut. 1962. "Om Bergsbok i 1500-ári." *Maal og Minne* 1962: 9–30.
- Storm, Gustav. 1880 (red.). *Monumenta historica Norvegiæ*. Kristiania: Brøgger.
- . 1902. "Finmarkens Beskrivelse af Erkebiskop Erik Valkendorf." *Det*

- Norske Geografiske Selskabs Aarbog XII*, 1900–1901: 1–23.
- Tryggvi J. Oleson. 1957. “Book Collections of Mediaeval Icelandic Churches.” *Speculum* 32: 502–10.
- Turner, James. 2014. *Philology*. Princeton/Oxford: Princeton University Press.
- Ullendorff, Edward. 1968. *Ethiopia and the Bible*. London: British Academy/Oxford University Press.
- Undset, Ingvald. 1878. “Fragmenter af et Sallust-håndskrift i det norske rigsarkiv.” *Nordisk tidsskrift for filologi. Ny række* 3: 69–74.
- Venge, Mikael. 1981–1982. “To studier over problemer fra Christian II’s tid.” [*Dansk*] *Historisk tidsskrift* 81: 27–68.

Vedlegg: boklista i NRA AM fol. 332

Bokstavrett tekstattgjeving etter manuskriptet. Transkripsjonen held på ein del bokstavformer, t.d. høg *s* ‘*ʃ*’, ein mellomstor *p* ‘*p*’, *i* med og utan prikk (kan somtid vera vandt å sjå, men t.d. nokså gjennomført ‘*i*’ etter *l* og i mellomtitlane). Avstytingar er oppløyste i kursiv. Ein del teikn i margen som truleg er tilvisingsteikn, sjølv om samanhengen ikkje alltid er så klår, er gjevne att.

Folio 1v

- | | |
|-----|---|
| 1 | Titulj librorum, sacræ scripturæ
Bibliorum volumina duo conscripta in membrana.
prima pars bibliæ, Lyra interpretæ.
Secunda pars bibliæ eiusdem authoris |
| 5 | Tertia pars biblyæ eiusdem authoris super libros Job.
Lyra super Epistolas paulj
Cantica Canticorum Salomonis.
Quarta pars bibliæ, lyra interpretæ super libros Jefaia |
| —+— | Quinta pars, lira interpretæ super Euangelia. |
| 10 | Sermones quadragesimales pomerij.
Sermones estiuales de tempore.
Tabula legendarium.
Opus sermonum de Sanctis. |

- Duo volumina Teophilacti super Euangelistas
15 Prologus Arriani super Mattheum.
---- Duæ concordantiæ maiores super bibliam.
Origo conciliorum generalium
Rationale diuinorum.
Expositio *beatj* Ambrosij super *psalmo Beati immaculatj*
20 *Epistola* S. Hieronimj.
Sermones M. Nicolaj de tempore.
Scholastica hystoria.
Registrum omnium punctorum Gregorij
---- Euangelia mattei scripta in membrana.
25 Canones Apostolorum.
Manipulus Curatorum in papyro *scriptus*.
Sermones Jnnocentij papæ. in *membrana* scripti
Legenda Sanctorum.
Tres sermones de passione Christi.
30 Seruatiarium Virtutum.
Calendarium vna cum computu in papyro *scriptum*
Folio 2r
Sermones *dominicales*, & de tempore.
Confessionale
Consolatorium Conscientiæ.
þrofejsionale scriptum in ~~papyro~~ membrana.
Manuale sacerdotum *scriptum* in membrana.¹⁹
5 Summa prædicantium
Epitome vel breuiarium *scriptum* in membrana.
Pfalterium in quatuor linguis
Mifsale, secundum Rhomanam Ecclesiam.
Mifsale. *secundum* Nidrosiensem Ecclesiam.
10 Tabula Schoti.
Calendarium *scriptum* in membrana.
Titulj librorum Juridicorum.
Decretalium copiosum augmentum.
Duo decreta Gratianj.
15 Decretalium Gregorij Nonj
Sextus decretalium liber à Bonifacio

19. Avstytt pga. lineslutt. Likeins i line 6.

- Sexti libry materia cum capitulorum numero.
 [Siste ord utydeleg]
 Constitutiones Clementi<s> quinti.
 Duo volumina de probationibus Juris
 20 prohemium Gregorij Episcopi.
 Summa Euangelica
 Expositiones titulorum Iuris.
 Duo volumina de sponsalibus matrimonij.
 Vocabularius Juris
 25 Rubricæ Juris
 Casus longi Bernhardi super Decretales.
 Institutiones Imperiales.
 Rubrica Bonifacij siue Dinus de regulis Juris
 [Siste ordet svært utydeleg]
 Compilatio (Gregorij noni) decretalium
 [Siste bokstavane utydelege]
- Folio 2v
 --- Guilhelmus. Putæus.
 Tabula Nicolaj de Tudefchis.
 Titulj librorum historicorum.
 Cronica vna cum figuris
 5 Cronica hystorica.
 Logica petri Hispani in papyro scripta
 + Titus Liuius
 Tabula de similitudinibus rerum
 Cornucopie perottj. Aurelius prudentius.
 10 Marcellinus ficinus. Opera virgilij.
 Epistolæ familiares Ciceronis.
 Jacobus henrichmannus. Cicero Tusculanarum quaestio-
 num.
 Epistola ad Carolum Cesarem. Valerius flaccus.
 Salustij de bello Jugurtino. Folium populj
 15 Collectanea adagiorum Erasmi. Lactantius firmianus
 [z = rum]
 --- plinius secundus Cornelius tacitus.
 Tomus primus omnium operum Eusebij }
 Tomus tertius Epistolarum Eusebij } ex schola
 Liber Discantus in scholis.

20	primus Secundus Tertius Quartus Quintus	}	Testamentum M. Torbernj Andenj. Tomus Chrysofomj
25	Index operum Augustinj 2us & 3us tomus in vno libro 4us. 5us. 6us & 7us tomus in vno libro. 8us. 9us. 10us tomus.		
30	1us. 2us. 3. Tomus Ambrosij. 4us tomus Ambrosij. Tertulianus Hylarius.		

Abstract

There are few sources on books and reading in late medieval Norway, yet a list of the book collection belonging to the cathedral chapter in Trondheim around 1550 is a unique source to books in Norway at the end of the Middle Ages and shows that several Renaissance humanists were known there. This source to the Latin culture is compared to what is known about vernacular culture, both original literature and the use of Old Norse manuscripts. The Norwegian situation is then compared to Iceland to look for factors able to explain differences between the countries in text production and reading. In a broader context of cultural history, a more favourable view on oral literature together with emphasis on the modern imported literature as shown by the book list makes possible a reevaluation of the one-sided negative view of the Late Middle Ages as a period of cultural decline in Norway.

Ivar Berg
 NTNU
 Institutt for språk og litteratur
 NO-7491 Trondheim
 ivar.berg@ntnu.no